

Norska tidskriften Bibliotekforum har en reportageserie om folkbibliotek som utmanar de traditionella biblioteksgränserna. I nr 1/2010 skrev Anders Ericson om Nyhetsbiblioteket i danska Herning. I nästa nummer av Bibliotekforum publiceras den här artikeln om Malmö stadsbibliotek

The Darling Library! Las Vegas eller Malmö?!

Ein uvanleg heit svensk mediedebatt om bibliotek starta i Malmö i haust. Etter eit klassisk drama om kassering av bøker, kulminerte han med striden om den nye strategien til stadsbiblioteket; *The Darling Library*, eit dokument i beste kommersielle marketing-stil, tilsynelatande. Bibliotekforum har snakka med to hovudpersonar i debatten, Elsebeth Tank och Mats Myrstener.

Tekst og foto: Anders Ericson



Detta verk är licensierat under Creative Commons Erkännande-Ickekommersiell-Inga bearbetningar 2.5 Sverige licens. För att se en kopia av denna licens, besök <http://creativecommons.org/licenses/by-nc-nd/2.5/se/> Verket har publicerats i www.globalarkivet.se.

► 10. august hadde den store regionavisa *Sydsvenska Dagbladet* (SD) eit katastrofeoppslag om kassering av 30 tonn bøker i biblioteket i Malmö. *Elsebeth Tank*, den skånske hovudstadens danske biblioteksjef, gjekk ut med ei korrigering og nedjustering til 6 tonn, utan at det roa gemyttane. Kritikarane, med *Per Svensson* frå kulturredaksjonen i SDS og eit sneis lokale forfattarar i spissen, mana fram biletet av eit bibliotek der boka og kunnskapen nærmast ville forsvinne i ein dionysisk (eller var det disneysk?) flaum av opplevingar og underholdning. For i strategien sin skriv biblioteksjefen varmt om følgjande aktivitetar ho ønskjer seg i parken utanfor biblioteket: "... asfaltbaler, tält og lägerbål, sommar på bibblan og fontäner till badande barn, stjärnskådning, skejtbana, sommarbio, klättervägg, parkvandring og skattjakter. Og mycket mera. Viktigt är att tänka kunskaps- og kulturförmedling i samband med kropp, lek og rörelse".

Ho vil blant anna "spela på marknads dynamik og kolorit og reta vår konsumentgen". Og ho ville ta "nästa steg in i ett organisatoriskt paradigmskifte" gjennom å "ingå finansierings- och/eller samarbetsavtal med potentiella sponsorer, fonder m fl."

Medviten om språket

Då debatten hadde stilna tok

Bibliotekforum vegen til Malmö og møtte biblioteksjef Tank:

- *Du er vel ikkje overraska over reaksjonane på slik marknadstenking i ein bibliotekstrategi?*

Elsebeth Tank er bibliotekar og var blant anna leiar av det danske Bibliotekarforbundet i fleire år på 1980- og -90-talet. Ho har også studert ved *Copenhagen Business School*, men avviser at *The Darling Library* er marknadstenking:

- Eg har medvite brukt ord og omgrep frå nyare litteratur om leiarskap. Eg er særst medviten om korleis språket påverkar førestillingane ein



Biblioteksjef Elsebeth Tank er medviten om språkbruk

gjer seg. Vi har høge ambisjonar om forbetring av bibliotektilbodet, og skal vi kunne sprengje ramar og oppnå noko ut over justering av rutineane, er det utruleg viktig med ordbruken. Eg var tidlegare leiar for det danske blindeskriftbiblioteket. Dette transformerte vi frå analogt til digitalt på kort tid, og vi avskaffa heile utlånsmgrepet. Distribusjonen blei fullstendig endra, og vi fekk til og med nyskrive opphavsretten. Ordbruken var sjølvsagt viktig i denne prosessen.

Oppliving versus informasjon?

- Men om opplivingar blir nøkkelord for bibliotekverksemda, vil ikkje det føre til ein annan måte å jobbe på enn om nøkkelorda er "lik tilgang til informasjon" og "kvalitet"?

- Eg håpar, som sagt, at ordvalet påverkar. Men lik tilgang til kunnskap er framleis eit kjerneomgrep hos oss. Problemet er at utan opplivingar på biblioteket skapar vi ikkje lik tilgang til kunnskap. Då fangar vi ikkje opp dei som i dag ikkje er bibliotekbrukarar. Av Malmö sine 300 tusen innbyggjarar står 14 500 *superbrukarar* for over femti prosent av utlåna. Vi har ei sterk sosial slagside. Ved å halde fram som i dag vil vi ikkje kunne hjelpe dei vi vil nå.

- Når det gjeld opplivingar er vi frå utlandet inspirerte av "*experience libraries*", som går på både røynsler, læring og oppliving, men eit slikt samlande omgrep har vi ikkje på svensk. I oppliving legg vi lystvekkjande verksemd som kan drive personen framover. Og det er ikkje på noko vis i konflikt med kvalitetskravet.

- Har de konkret nådd ikkje-brukarar med den nye strategien?

- No skal vi innføre desse endringane over fire år, så vi har ikkje kome så langt enno. Men vi har opna den *internasjonale forfattarscenen*, og under eit arrangement med pakistanske forfattarar samla vi om lag to hundre tilhøyrarar, og mange var pakistanske innvandrarar. Det var spørsmål og engasjement og god stemning, men eg veit ikkje om dei blei bibliotekbrukarar der og då eller kor mange som var det frå før.

Storm lesesalane!

Under overskrifta "*Viva Läs Vegas*" opna *Per Svensson* frå kulturredaksjonen i Sydsvenska Dagbladet det heller provokatoriske oppgjeret sitt med den nye bibliotekstrategien (19.9.2009):

"The Darling Library" ...Jag läser Malmö stadsbiblioteks strategidokument "The Darling Library". Det är ett ungt och modernt manifest, med så mycket vågor i håret att man blir sjösjuk. Klyschor från brandingbranschen piskas till gräddigt skum: här vill man vara innovativ och fokusera på att göra skillnad och sätta dagordningar och interagera och sätta på kartan och tänka digitalt. Allt detta och mera därtill är förutsättningar för och yttringar av ett större projekt. En kulturrevolution. Storma läsesalarna! Skicka ut kadrerna på nöjesfältet! Det är rätt att göra uppror!

Strategien dykkar er vel ikkje noko for mindre bibliotek enn i storbyar som Malmö og oppetter?

- Nei, det krev plass og personale, men ein kan tenkje seg aktivitetar på enkelte felt, og med regionalt samarbeid og bruk av teknologi kan ein få til ting.

Sponsing og partnerskap

- *Sponsing og partnerskap er kjensleware spørsmål i bibliotekverda. Kor går grensene i Malmö?*

- Jau, desse sakene skal handsamast grundig og varsamt. For tida arbeider vi med ein policy som skal leggje grunnen for eventuell ekstern finansiering. Først og fremst vil vi vere krystallklare på at eventuelle sponsorar ikkje skal ha innverknad på bibliotekdrifta. I tillegg er det viktig at dei har ein etikk og eit formål som passar med bibliotekets.

- Konkret sponsing kan bli aktuelt ved store, dyre eingongssatsingar som for eksempel innreiing av verkstader for barn. Dette er noko vi ønskjer oss, men som vi ikkje utan vidare finn pengar til på det ordinære budsjettet. Vi har enno ikkje tatt stilling til slik sponsing, og eventuelt blir dette ei sak for kulturutvalet i kommunen.

- Når det gjeld partnerskap ser eg det slik at bibliotek vil kunne oppnå andre og betre resultat om det skjer i gjensidig og gjevande samarbeid med andre. Bibliotek kan ikkje alt, men kan skape nye mulegheiter gjennom partnerskap, for eksempel med forskingsmiljø. Om det skulle bli aktuelt med partnerskap med private verksemdar, blir det igjen viktig at det skjer på eit transparent grunnlag som sikrar at ingen kan kjøpe seg innverknad på bibliotekdrifta. I februar opnar vi eit nytt tilbod om digital læring på hovudbiblioteket. Det skjer i partnerskap mellom utdanningsforvaltninga i Malmö og biblioteket.

Det postmoderne biblioteket?

Debatten var altså denne gongen initiert av massemedia, med støtte frå kunstnarar. Derimot støtta politikarane i Malmö opp om biblioteket sin strategi, som biblioteksjefen hadde drøfta med dei i god tid. Dei tilsette i biblioteket forsvarte planane i eit opprop, der også tilsette ved andre bibliotek tok del. Generalsekretær *Niclas Lindberg* i *Svensk biblioteksforening* forsvarte strategien i eit innlegg og meinte det er naturleg i dag at folkebibliotek er meir ulike enn før, så lenge brukarane og behova deira påverkar innhaldet og så lenge lokalsamfunna er mindre homogene.

Dei fleste frå bibliotekmiljøet som har uttalt seg støtta *The Darling Library*, men *Mats Myrstener*, bibliotekar og bibliotekhistorikar og tilsett ved *Arbetarrörelsens* arkiv og bibliotek i Stockholm, har ved fleire høve dei siste åra forsvart kjerneverdiane til folkebiblioteket i kommentarar i rikssavisene, så også no. Bibliotekforum bad han

vurdere debatten i haust og den nye strategien til biblioteket i Malmö.

Nedskjeringar

- Folkebiblioteket har tradisjonelt hatt i det minste fem oppgåver. Ein har hatt ei pedagogisk oppgåve, saman med skoleverket. For hundre år sidan var den sosiale oppgåva viktig, som eit ledd i å løyse såkalla "sosiale problem", då ulike samfunnsklasser stod mot kvarandre. Ein har også hatt som oppgåve å spreie demokratiske haldningar, for eksempel på 1930-talet. Vidare har ein formidla underhaldningsslitteratur. Men i tillegg har biblioteket pålegg om å drive rasjonelt og økonomisk forsvarleg. Eg opplever at denne utfordringa er blitt stadig større gjennom 1900-talet. I dag gjennomsyrrar ho bibliotekdrifta, og nye forslag om innsparingar kjem heile tida. Med nedskjeringane på personalet blir det stadig vanskelegare for dei som er att å oppfylle alle luftige mål om å bli "The Darling Library". Ein blir tvungen til prioriteringar, og då må nok nokre av dei gamle oppgåvene prioriterast bort. Men er det ei folkebibliotekoppgåve å levere tv-spel og gratis nettoppkopling som brukast til anna enn pedagogiske oppgåver?

Bibliotekarsjela

- *Ser vi her starten på "det postmoderne biblioteket"?*

- Ja, det verker slik. Eit folkebibliotek med delvis nye oppgåver og pålegg. Då Stockholms stadsbibliotek opna, så seint som i 1928, var dette eit *paradigmeskifte* i svensk folkebiblioteksvesen då dei starta med eventyrtilmar og visse arrangement. I dag kjenst det verkeleg som om vi er på veg inn i eitt nytt. Det moderne samfunnet med alle sine skiftande krav påverkar også biblioteket. Moderniteten er



Bibliotekshistorikar Mats Myrstener er tilsett ved Arbetarrörelsens arkiv og bibliotek i Stockholm og er sentral i organisasjonen og tidsskriftet Bibliotek i Samhälle,

i kontinuerleg endring, slik han alltid har vore, og no går det berre raskare. Vi må ikkje avvise det moderne, men samtidig ikkje miste sjela vår som bibliotekarar. Det er vanskeleg, særleg i dag når så mykje hender med informasjonsteknologien. Då må vi helst liggje i forkant. Men basisen, meiner eg, må vere vern av skrifa, teksten, språket. Med stadig mindre resursar spørst det om vi ikkje må satse på det vi er gode til, det vi kan.

- Ei stor oppgåve er å hjelpe barn og ungdomar å lære seg lese, og på same måte alle nye innvandrarar som kjem til biblioteket. Det er den "søyla" eg meiner er i ferd med å forsvinne i alle innsparingane. I verste fall står vi der ein dag utan bibliotek, utan kunnskap om historia og det kollektive minnet. Det typiske for det moderne samfunnet, blir det sagt, er uvisse, risikotaking og ei angst for framtida. Eg trur biblioteka her har ei oppgåve som noko trygt som kanskje ikkje treng å endre seg heile tida. Men det er berre eit håp eg har.

Lenker til strategien og debattane:

<http://www.darlinglibrary.se>

<http://sydsvenskan.se/system/topicRoot/Biblioteksdebåen/>

<http://www.sr.se/sida/artikel.aspx?programid=503&artikel=3114474>